

Saksbehandlar: Tor-Einar Holvik Skinlo, Administrasjon og innovasjon  
Sak nr.: 21/1561-1

## **Permitterte lærlingar Sogndalsmodellen**

Rådmannen rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogndal kommune skal tilby praksisplassar og lærekontraktar til permitterte lærlingar som følgje av COVID-19 pandemien. Desse plassane skal kome i tillegg til dei ordinære læreplassane i kommunen.
2. Eventuelle meirkostnadar som følgje av punkt 1 skal finansierast av vikarbudsjettet til sektorane og/ eller av midlar kommunen får overført som følgje av pandemien.
3. Sogndal kommune skal prioritere sommarjobb til elevar som ikkje har fått seg læreplass, eller som manglar praksis i yrkesfagleg fordjuping, i relevante fag.
4. Sogndal kommune skal i så stor grad som mogleg tilby praksisplassar til unge vaksne som manglar praksis for å kunne fullføre den vidaregåande opplæringa.

**Vedlegg:**

**Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Sogndal kommune skal ta eit nasjonalt initiativ for å sikre kommunane ei grunnfinansiering for tilbod til permitterte lærlingar. Slike tilbod bør vere ulikt innretta ut i frå den enkelte lærling sine behov. Sogndal kommune kan legge til rette for at permitterte lærlingar kan få praksis eller læreplass allereie før ei slik finansiering er på plass. Kommunen skal også bidra med praksisplassar ovanfor unge vaksne som ikkje har fullført fagbrevet og som mottek stønad frå NAV.

### **2. Bakgrunn for saka**

I kommunestyret 18. februar 2021 vedtok ein følgjande:

1. Sogndal kommune ønskjer å ta eit nasjonalt initiativ for permitterte lærlingar. Vi er klare til å ta i mot permitterte lærlingar og vi vil legge tilrette for at desse lærlingane kjem i aktivitet.
2. Kommunestyret ber rådmannen greie ut korleis ein kan få plass ein modell for permitterte lærlingar og kva konsekvensar dette vil ha.
3. Kommunestyret gir formannskapet mynde til å ta stilling til ein modell for lære plassar til permitterte lærlingar.

#### Historikk

Sogndal kommune har vore ein pådrivar og føregangskommune for å auke tal lærlingar. Gjennom Sogn regionråd er det inngått partnerskapsavtale med NHO, LO og fylkeskommunen for fleire lære plassar i Sogn. Gjennom avtalen er det sett mål om 2,5 lærling per tusen innbyggjar. Ei målsetting som er høgare enn den nasjonale samfunnskontrakten. Sogndal kommune har i dag 27 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsearbeidarfaget. Det er eit potensiale for å auke talet lærlingar ytterlegare og det er også mogleg å ha lære plassar i fag som:

- anleggsmaskinførarfaget
- byggdriftarfaget
- dataelektronikar
- institusjonskokk
- kjemiprosess (drikkevatn)
- kontor- og administrasjonsfaget

I budsjett 2021 under mål 5 om at Sogndal kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar – framtidretta organisasjon, heiter det: Sogndal kommune skal i 2021 utarbeide ein strategi for bruk av lærlingar i eigen organisasjon. Rådmannen arbeider med oppfølging av dette. Arbeidet vil legge til grunn føringar som kjem som følgje av handsaminga av denne saka.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

I etterkant av kommunestyremøte 18. februar har rådmannen hatt dialog med Vestland fylkeskommune, NAV og Sogn opplæringskontor om korleis ein kan etablere ein modell for permitterte lærlingar.

Det er få permitterte lærlingar i vårt nærrområde. Ein slik modell vil difor måtte ha som siktemål å gje eit tilbod til lærlingar frå heile landet. Samstundes er erfaringa at det er vanskeleg å få lærlingar til å flytte på seg. Det er difor ikkje grunnlag for å tru at eit stort tal lærlingar vil nytte seg av tilbodet. Like fullt vil modellen kunne vere viktig med tanke på å vise veg for korleis kommunar kan bidra inn i mot permitterte lærlingar.

Utdanningsdirektoratet rapporterte om 524 permitterte lærlingar nasjonalt per 4. mars. Dette er betydeleg færre enn dei over 4000 permitterte i april 2020, men ein auke på over 60 samanlikna med to veker tidlegare. Tal permitterte lærlingar er høgast i Oslo (228), Viken (82) og Trøndelag (50). 372 av dei 524 permitterte lærlingane er i restaurant- og matfag. Særskilt kokkelærlingar er hardt ramma – rundt halvparten av alle permitterte i veke 9 er lærlingar i kokkefaget. Det er viktig å vere merksam på at tala ikkje tek omsyn til i kor stor prosent lærlingen er permittert. Om ein lærling er permittert i 40 % kan han eller ho framleis ta i mot noko opplæring og vere i arbeid, men blir talt som permittert.

## Permitterte læringar – rettar og plikter

I samband med koronapandemien er det gjort endringar i dagpengeregelverket, slik at permitterte læringar kan få utbetalt dagpengar frå NAV. Denne ordninga gjeld førebels ut september 2021.<sup>i</sup>

Permitterte læringar som får utbetalt dagpengar frå NAV er fritteke frå kravet om å vere aktiv arbeidssøkjjar. Dette kan ha innverknad på motivasjon for å reise/flytte for å ta arbeid andre plassar enn der ein er busett.

Permitterte læringar med rett til dagpengar – bruk av arbeidsretta tiltak  
Etter dagpengeregelverket og forskrift om arbeidsmarknadstiltak er det veldig få arbeidsmarknadstiltak i NAV som kan kombinerast med å ta i mot dagpengar som stønad til livsopphald.

For permitterte lærlingar med dagpengar er det mogleg å vere på arbeidstrening – og samstundes behalde rett til utbetaling av dagpengar. Arbeidstrening gjennom NAV medføre ikkje tilskot til arbeidsgjevar. Under sitat frå NAV sine retningslinjer:

«Opplæringskontorene i fylkene har ansvaret for å finne nye læreplasser for oppsagte eller permitterte lærlingar. Arbeidstrening kan være et aktuelt tiltak inntil lærekontrakten kan gjenopptas.

Arbeidstrening skal ikke fortrenge ordinære lærlingekontrakter og skal ikke legges opp med hele læreplanen for faget som om det var videreføring av lærekontrakten.

Arbeidstrening kan bidra til å holde lærlingene i aktivitet i permitterings-/eller den oppsagte perioden, men kan ikke inngå som en del av lærekontrakten. Arbeidstreningstiltaket kan legges opp slik at lærlingen får oppgaver som er relevante i forhold til læreplanen.

Når tiltaket kombineres med fortsatt opplæring med innhold hentet fra gjeldende læreplan i faget, kan opplæringen inngå som en del av arbeidstreningstiltaket. Ved at denne type opplæring inngår i tiltaket arbeidstrening kan tiltaksdeltaker beholde livsoppholdsytelsen - tiltakspenger eller dagpenger - også på dager vedkommende deltar på opplæring.»

## Lærekontrakt og rettar

Som hovudregel er lærlingar unnateke frå permittering om bedrifta opplever redusert ordretilgang eller tilsvarande. Men på grunn av den spesielle situasjonen som ein er i med ein pågåande pandemi, kan bedrifter mellombels permittere lærlingar. Konsekvensen for lærlingen er at lærekontrakta blir forlenga med den perioden ein er permittert. Om lærlingen har lærekontrakt gjennom eit opplæringskontor kan dette omplassere lærlingen til ei anna bedrift.

Fylkeskommunane er tilført nasjonale midlar til tiltak for lærlingar og lære kandidatatar som ikkje har bestått fag-, sveine- og kompetanseprøva av årsaker relatert til COVID-19-

---

<sup>i</sup> <https://www.nav.no/arbeid/laerling>

situasjonen. Ulike tiltak skal leggje til rette for at lærlingane og lære kandidatane får moglegheit til å fortsetje i opplæringa til dei kan gå opp til fag- eller sveineprøve med mål om å fullføre og bestå den vidaregåande opplæringa. Fylkeskommunane vil i stor grad innrette dette om individretta ordningar.

### **Kva kan Sogndal kommune tilby?**

For å kunne vere lærebedrift i eit fag er det eit krav om at ein har ein fagleg leiar som kan følgje opp lærlingen. Den faglege leiaren må ha fag/sveinebrev eller dokumentert 6 års relevant praksis i faget. I tillegg må ein ha kapasitet til å tilby lærlingen ein godt arbeids- og læremiljø og personleg støtte, instruksjon og rettleiing i faget. I dei faga som kommunen kan vere lærebedrift i, kan ein legge til rette for aktivitet for den permitterte lærlingen på tre ulike måtar.

1. Sogndal kommune tek over lærekontrakta. Rettar og plikter blir då som i eit ordinært lærlingløp. Lærlingen fullføre då læretida i kommunen. Lærlingen har rett til løn som avtala i lærekontrakta og kan få bortebruarstipend frå Lånekassen. Kommunen mottek lærlingtilskot. For hovudmodellen, med eitt år i opplæring og eitt år verdiskaping, utgjør dette 6975 kr per måned. I tillegg til dette kjem evt. ekstratilskot frå fylkeskommunen. Her har fylkeskommunane ulike ordningar og dei fleste er individretta. Det vil vere ein stor skilnad for kommunen om det er førsteårs-, eller andreårslærlingar ein tek i mot. Opplæringsbehov og såleis kostnaden med lærlingen er størst tidlegast i løpet. Andreårslærlingar kan stå for verdiskaping og såleis redusere vikarbehov m.m.
2. Sogndal kommune tilbyr opplæring/praksis som inngår som ein del av den opplæringa lærlingen har byrja på før permitteringa. Lærekontrakten vil framleis vere mellom lærlingen og bedrifta han eller ho er permittert i frå. Lærlingen kan såleis halde fram læretida si så snart bedrifta har kapasitet til dette. Ordninga vil vere ein stor fordel for lærlingen som då unngår å utsette opplæringa ytterlegare. Ei slik ordning føreset at bedrifta vil kjøpe opplæring av Sogndal kommune. Normalt svarar dette til det bedrifta får i lærlingtilskot. Behovet for oppfølging og kostnadane for kommunen vil også her vere avhengig av kor langt lærlingen er komen i læretida. For kommunen sin del vil det vere viktig å få ekstratilskot frå fylkeskommunen, mellom anna for å dekke lønskostnader.
3. Lærlingen får praksis som arbeidstrening. Lærlingen beheld då dagpengar men kommunen får ikkje tilskot. Dette vil vere den mest minst gunstige ordninga for kommunen. Samstundes kan dette vere eit gode for enkeltlærlingar som då får høve til å halde seg i aktivitet.

Kva alternativ ein skal nytte må vurderast i kvart enkelte tilfelle. Ein modell som hadde vore til det beste for både kommune og lærling, er at kommunen kunne tilbydd relevant praksis mot statleg eller fylkeskommunal støtte uavhengig av om dette var praksistrening eller inngjekk som del av læretida. Skal ein lukkast med ei tilrettelegging for permitterte lærlingar må denne innehalde element av individuell skreddarsaum. Slik skreddarsaum føreset ressursar som er lettare for ein kommune å stille disponible, om ein veit at ein får kompensert kostnadane. Det er rådmannen si vurdering at det bør arbeidast mot nasjonale styresmakter for å få på plass ei slik finansiering som ei mellombels ordning for å bidra til å løyse utfordringa med permitterte lærlingar som følgje av pandemien.

Parallelt med at det blir teke eit slikt nasjonalt initiativ kan kommunen legge til rette for å ta i mot permitterte lærlingar innanfor alle dei tre alternativa som er skisserte ovanfor. Det er lite truleg at omfanget av lærlingar som vil søkje seg til Sogndal kommune vil vere overveldande stort. Ein kan difor starte opp med ein modell for permitterte lærlingar før ein slik finansieringsmodell er på plass. Dette kan vere nybrottsarbeid som kan legge grunnlaget for at kommunar med nærleik til eit stort omfang av permitterte lærlingar også kan tilby dette.

Sidan det er få, eller ingen, permitterte lærlingar i vårt nærrområde vil det vere behov for ein del praktisk tilrettelegging for lærlingar som vil nytte seg av tilbodet. Dette omfattar tilgang på mellombels husvære, tilrettelegging for deltaking på fritidsaktivitetar m.m. Det vil også vere behov for å gjere kjent kva Sogndal kommune kan tilby nasjonalt. Rådmannen legg til grunn at utfordringa med permitterte lærlingar vil vere tidsavgrensa. Det kan difor settast av ressursar i administrasjonen som kan ta på seg dette arbeidet. Konsekvensen vil vere at ein del utgreiingsoppdrag m.m. innanfor personalområdet vil måtte utsetjast i tid.

Både fylkeskommunen og NAV strekar under viktigheita av at desse praksis-/læreplassane kjem i tillegg til dei ordinære læreplassane i kommunen. Om mange permitterte lærlingar ønskjer å fullføre heile læretida i Sogndal kommune kan dette medføre kapasitetsutfordringar. Om denne problemstillinga skulle oppstå vil rådmannen løfte konsekvensane inn i arbeidet med tertialrapportar for 2021. På noverande tidspunkt legg rådmannen til grunn at omfanget vil vere så avgrensa at evt. meirkostnadar som følgje av tilbodet kan finansierast av vikarbudsjetten til sektorane og / eller av midlar kommunen får overført som følgje av pandemien.

### **Andre unge vaksne**

I dialogen med NAV og fylkeskommunen vart det peika på andre grupper enn permitterte lærlingar der kommunen også kan bidra.

#### Unge vaksne tilmeldt NAV utan fullført fagbrev

NAV Sogndal har til ei kvar tid 10-15 personar som manglar litt på å få eit fagbrev. Det er fleire unge vaksne tilmeldt NAV som har fullført den vidaregåande opplæringa i skule, men som ikkje har tatt fagbrevet. Fleire av desse har ein del arbeidserfaring. For dei som er i denne kategorien er det mogleg å nytte arbeidsretta tiltak basert på ei individuell vurdering i kvar enkelt sak – t.d. arbeidstrening i kombinasjon med tilskot til mentor og inkluderingstilskot.<sup>ii</sup> På denne måten kan Sogndal kommune bidra med praksis som gjer at den enkelte kan få fullført opplæringa si med fagbrev. Dette vil samsvare godt med målet at Sogndal kommune skal fremje livskvalitet for alle:

*Arbeidslina - Vi skal arbeide målretta og aktivt for å hjelpe dei som fell utanfor inn i ordinært arbeid, slik at dei kan nytte sine eigne ressursar og klare seg sjølve.*

Det er rådmannen si tilnærming at Sogndal kommune skal i så stor grad som mogleg tilby praksisplassar til unge vaksne som manglar praksis for å kunne fullføre den vidaregåande opplæringa.

---

<sup>ii</sup> <https://www.nav.no/no/person/arbeid/oppfolging-og-tiltak-for-a-komme-i-jobb/nynorsk/mentor> og <https://www.nav.no/no/person/arbeid/oppfolging-og-tiltak-for-a-komme-i-jobb/tiltak-for-a-komme-i-jobb/nynorsk/inkluderingstilskot>

#### Elevar med manglande yrkesfagleg fordjuping

For elevar som går på yrkesfag er *faget yrkesfagleg fordjuping (YFF)* sentralt for å få seg lære plass. I faget er elevane i stor grad ute i praksis og føremålet er at elevane skal bli introdusert for arbeidslivet. Her blir elevane kjent med faget og bedrifta. Ofte får elevane seg lære plass der dei er utplassert i YFF. Referansane frå utplasseringa er også viktig for enkelte. Mange elevar har grunna pandemien ikkje fått slike praksisplassar.

Fylkeskommunen er difor uroa for at ein del elevar i større grad kan få vanskar med å få seg lære plass enn i ein normalsituasjon.

Sogndal kommune har lyst ut ei rekke sommarjobbar. Det er rådmannen si vurdering at eit enkelt bidrag til denne gruppa er at dei som ikkje har fått seg lære plass, eller som manglar praksis i YFF, kan prioriterast i tildelinga av sommarjobbar innanfor relevante fag.

#### **4. Konklusjon**

Sogndal kommune kan ta eit nasjonalt initiativ for å sikre kommunane ei grunnfinansiering for tilbod til permitterte lærlingar. Slike tilbod bør vere ulikt innretta ut i frå den enkelte lærling sine behov. Det er rådmannen si tilråding at Sogndal kommune legg til rette for at permitterte lærlingar kan få praksis eller lære plass allereie før ei slik finansiering er på plass. Dette kan finansierast over vikarbudsjetten til sektorane. Rådmannen tek også med seg i sitt vidare arbeid at kommunen skal, så langt som råd, bidra med praksisplassar ovanfor unge vaksne som ikkje har fullført fagbrevet og som mottek stønad frå NAV. I tillegg skal ein prioritere dei som ikkje har fått seg lære plass, eller som manglar praksis i YFF, i tildelinga av sommarjobbar innanfor relevante fag.